

# Vedlegg til lagshandboka - utdjuping av kultur, roller og ansvar

Revisjon 08.05.2026

Dette dokumentet er eit vedlegg til lagshandboka og gir avklaringar, presiseringar og utdjupingar av utvalde tema der det er behov for meir detaljert rettleiing enn det som går fram av hovuddokumentet. Vedlegget skal brukast som supplerande tolknings- og praksisgrunnlag og er underlagt lagshandboka sitt verdigrunnlag, formål og overordna føringar.

Dokumentet byggjer på [Lagshandboka \(oppdatert feb. 2023\)](#) og [NIF sitt lovverk og etiske retningslinjer](#).

Innhaldet er utarbeidd med sikte på å bli fletta inn i neste revisjon av lagshandboka.

---

## 0. Definisjonar

For å sikra felles forståing av omgrep som blir brukte i dette dokumentet, gjeld følgjande definisjonar:

### 0.1 Sandnes Idrettslag sine anlegg

Med **Sandnes Idrettslag** sine anlegg meiner me dei treningsflatene der idrettslaget har fått tildelt treningstid på **Sandnes stadion** av Sandnes kommune og i **Sandneshallen** av Folkehallane. I tillegg omfattar dette lokale, kontor, treningsrom, styrkerom og utstyr/materiell som laget disponerer eller eig.

### 0.2 SI-medlem

Ein person som har betalt gyldig medlemskontingent til Sandnes Idrettslag (jf. Lagshandboka §6.1).

### 0.3 SI-utøvar

Samme som SI-medlem (ref. 0.2), men som i tillegg har løyst utøvarlisens, betalt treningsavgift og representerer SI i konkurransar.

### 0.4 Treinar med kontrakt

Ein treinar som har skriftleg avtale med Sandnes IL Friidrett. Og som representerer laget i kraft av denne kontrakten.

Kontrakten regulerer oppgåver, ansvar, godtgjersle og oppførsel (jf. Lagshandboka §7.4.2).

### 0.5 Treinar utan kontrakt

Ein person som driv treningsverksemd på SI sine anlegg utan å vera kontraktsfesta eller oppnemnt av laget.

Vedkommande blir rekna som ekstern treinar og representerer ikkje Sandnes Idrettslag.

## 0.6 Treinar oppnemnt av laget

Ein treinar som er formelt godkjent eller oppnemnt av Sandnes IL Friidrett til å utføra trenaroppgåver i barne- og ungdomsidretten, utan å ha skriftleg kontrakt med laget. Vedkommande representerer laget i si rolle som treinar og er underlagt lagshandboka, gjeldande retningslinjer og verdigrunnlag.

## 0.7 Ekstern gruppe

Ei **ekstern gruppe** er ei organisert trenings- eller utøvargruppe som heilt eller delvis nyttar Sandnes Idrettslag sine anlegg, fasilitetar eller ressursar, men som **ikkje er fullt ut integrert i laget sine egne treningsgrupper** (jf. Lagshandboka § 6.4.1), eller som **har utøvarar utan gyldig medlemskap og som heller ikkje har betalt treningsavgift i Sandnes IL Friidrett**.

Dette omfattar, men er ikkje avgrensa til:

- **kommersielle grupper** som driv verksemd med egne økonomiske føremål,
- **grupper leia av trenarar utan kontrakt** med Sandnes IL Friidrett,
- **fleirklubbgrupper** der fleirtalet av utøvarane kjem frå to eller fleire lag og som treinar saman i eit organisert opplegg,
- **samansette treningsgrupper** med både medlemmar og ikkje-medlemmar\*,
- **gjestande landslags- eller klubbgrupper** (norske eller internasjonale) utan formell avtale.

*\*Gjelder ikkje midlertidige ordningar som td prøveperiode*

---

# 1. Lagskultur

Sandnes IL Friidrett skal vera eit trygt, inkluderande og ambisiøst lag der alle opplever idrettsglede, fellesskap, respekt og openheit (jf. Lagshandboka § 1.1 *Visjon og mål* og § 6.2 *Lagskulturen*).

## 1.1 Vårt mål framover

Me skal vidareutvikla ein kultur der både utøvarar, trenarar og støtteapparat opplever klare forventningar til oppførsel og kommunikasjon – og der me handterer avvik tydeleg, men rettferdig.

Målet er å førebygga konflikhtar, verna om laget sitt omdømme og skapa eit miljø som både tiltrekk og beheld dyktige folk.

## 1.2 Grunnprinsipp

- Trakassering, diskriminering og dårleg oppførsel blir slått ned på og reagert tydeleg på.
- Gjensidig respekt slik det er definert i lagshandboka § 1.1: *for enkeltmennesket enten de er aktive utøvere, trenere, foreldre, funksjonærer eller jobber i administrasjon/styre.*

*Videre skal en vise respekt overfor andre parter, for eksempel; kommersielle samarbeidspartnere, politiske organer eller andre friidrettslag.*

- Opne, avklarte og dokumenterte kommunikasjonslinjer mellom organisasjonsledd, trenarar, leiarar og utøvarar.

### 1.3 Reaksjon ved uønska åtferd

Moglege reaksjonar inkluderer skriftleg åtvaring, bortvising frå arena, inndragning av tildelt treningstid på SI sine anlegg, mellombels suspensjon, utestenging eller i ytterste fall politianmelding.

Ved alvorlege eller gjentekne tilfelle kan saka løftast til hovudstyret og behandlast etter NIF-lova kap. 11 (§ 11-1 til § 11-4).

### 1.4 Konflikthandtering

Skal handterast utanfor media. Involverer dagleg leiar, sportsleg leiar og/eller styreleiar, styret, hovudstyret.

---

## 2. Media

Det er viktig å få positiv merksemd rundt arrangement og laget i media og på sosiale medium for å tiltrekka oss nye medlemmar, sponsorar eller publikum.

**Sandnesposten, Stavanger Aftenblad, Facebook og Instagram** er våre hovudkanalar. Sandnes Idrettslag har ei tydeleg målsetjing om å unngå negativ omtale og publisitet i media.

Laget si dialog i samband med konflikhtar internt, med forbund eller med arrangørar skal haldast utanfor media så langt dette er mogleg.

Medlemmar og representantar frå laget skal **ikkje** uttala seg til media om slike saker.

Uttalar på vegner av laget i slike saker kan berre gjerast av **styreleiar i hovudlaget**, med mindre dette er skriftleg delegert.

### Generelle føringar for mediahandtering

- **Dagleg leiar** er laget sin hovudkontakt mot media og kan uttala seg på vegne av laget i saker av sportsleg eller administrativ karakter. Dagleg leiar har hovudansvar for annonsering og promotering av laget sine arrangement og sportslege prestasjonar.
- **Trenarar og sportsleg leiar** kan uttala seg i media på laget sitt vegner når det gjeld sportslege prestasjonar til utøvarane i si gruppe eller idrettsfaglege spørsmål.
- **Utøvarar** som er medlemmar i Sandnes Idrettslag kan uttala seg i media på laget sitt vegner når det gjeld eigne sportslege prestasjonar eller planar.

- **Stevneleiar** kan uttala seg i media på laget sitt vegner når det gjeld sportslege arrangement.
- **Eksterne grupper eller personar utan formell rolle i laget** skal ikkje opptre eller uttala seg som representantar for Sandnes Idrettslag i media.

### **Reaksjonar ved uønska oppmerksomheit i media**

Sandnes IL Friidrett skal opptre samla og profesjonelt utad.

Viss medlemmar, trenarar, tillitsvalde eller andre tilknytte laget medvite eller uaktsamt bidreg til negativ eller skadeleg medieomtale av laget, blir dette vurdert som mogleg brot på Laget sitt verdigrunnlag og **retningslinjer for kommunikasjon** (jf. Lagshandboka § 5 *Kommunikasjon*).

### **Førebygging og plan for handtering:**

- Laget tilbyr tydelege føringar for mediehandtering.
- Tillitsvalde, sentrale funksjonærar, styremedlemmar, trenarar, utøvarar under kontrakt og ansatte skal kjenna til koss dei skal opptre i media og sosiale medium.
- Ved brot kan laget iverksetja tiltak som gitt under 1.3

Gjentekne eller alvorlege tilfelle blir meldte til hovudstyret for vurdering etter NIF-lova kap. 11.

---

### 3. Topp- og breiddesatsing

Sandnes IL Friidrett skal leggja til rette for både toppidrett og breiddeidrett, i tråd med lagets målsetningar, vedtekter og verdigrunnlag.

Me ønsker eit lag der ambisiøse utøvarar får moglegheit til å utvikla seg mot internasjonalt nivå, samtidig som alle medlemmar skal oppleva trivsel, meistring og inkludering i eit trygt miljø.

#### Toppidrettssatsing

Laget ønskjer å leggja til rette for internasjonal toppsatsing, både for eigne utøvarar og for gjester som kjem til våre arenaer. Dette skal skje innanfor rammene av idrettens verdjar og gjeldande avtalar mellom partane.

**SI kan bistå som arrangør av nasjonale og internasjonale toppidrettsarrangement, uavhengig av kva treningsgruppe eller miljø utøvarane tilhøyrer.**

Dette gjeld både for laget sine eigne grupper og eksterne grupper, så lenge deltaking og tilrettelegging skjer innanfor rammene av laget sitt verdigrunnlag og gjeldande avtalar.

Slike arrangement styrkar laget, gir verdifull erfaring og eksponering, og understøttar både toppidretts- og breiddearbeidet i Sandnes IL Friidrett.

#### Betydning for breiddeidretten

Ein tydeleg og ansvarleg toppidrettssatsing kan gi inspirasjon, førebilete og motivasjon for yngre utøvarar.

Erfaring og kompetanse frå toppnivå fører til kunnskapsdeling og utvikling også i breiddegruppene, særleg gjennom samarbeid mellom trenarar og bruk av felles ressursar.

Toppidrettsaktivitet og arrangement kan òg skape **inntekter, samarbeid og auka sponsorinteresse**, noko som gir økonomiske ringverknader som kjem heile laget, inkludert breiddeidretten, til gode.

Samtidig skal toppidrettssatsinga aldri gå på kostnad av breiddeidretten. Laget si kjerneoppgåve er å ivareta begge delar i balanse.

---

## 4. Utøvar

**Sandnes IL Friidrett** ønskjer nye norske og utanlandske utøvarar velkomne til å ta del i laget sitt treningsmiljø, arrangement og aktivitetar. Me ser positivt på nasjonalt og internasjonalt samarbeid og utveksling som kan bidra til læring, inspirasjon og utvikling for både topp og breidde. Samstundes må deltaking frå utøvarane skje innanfor dei same prinsippa og reglane som gjeld for alle andre medlemmar, utøvarar og grupper tilknytte SI.

For utøvarar tilknytte andre lag i Noreg, underlagt NFIF, som ønskjer å nytta SI sine anlegg, må dette skje som SI-medlem (jf. 0.2) som har betalt treningsavgift. Viss utøvaren i tillegg ønskjer å delta i SI Friidrett sine organiserte aktivitetar og treningar, må dette skje som SI-utøvar (jf. 0.3). Unntak kan gjelda viss ein utøvar er del av ei ekstern gruppe (jf. 0.7) som har formell avtale med SI (jf. kap 7).

- For studentar og skuleelevar som bur utanfor heimstaden i studietida, er SI open for at aktuell utøvar kan representera heimelaget sitt i sommarferien (jf. NFIF sine nasjonale føresegner kap. L). Periode og varigheit skal då avklarast i samarbeid mellom utøvar og tidlegare klubb/ lag.
- For utøvarar som vurderer å byta klubb/ lag eller starta opp med idrett i SI, kan det vera mogleg å delta i organiserte aktivitetar og treningar utan medlemskap i ei tidsavgrensa prøveperiode. Dette må isåfall avklarast med sportsleg leiar.

Utøvarar utan medlemskap, eller som ikkje er dekte av formell kontrakt (direkte eller gjennom gruppe):

- Skal ikkje prioriterast framfor laget sine egne medlemmar.
- Skal ikkje tilbys særskild tilrettelegging.
- Har ikkje rett til økonomisk støtte frå SI.

---

## 5. Trenar med kontrakt

Ein trenar med kontrakt i Sandnes Idrettslag Friidrett er ein person som har eit formelt engasjement inngått med laget, og som har ansvar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av det idrettslege arbeidet for si utøvargruppe.

Trenaren arbeider under den til ei kvar tid valde **sportslege leiaren** og skal bidra til samarbeid og fagleg utvikling på tvers av grupper.

Trenaren skal vera **til stades på fellestreningar**, følgja opp utøvarane i konkurransar og medverka til eit godt miljø og open kommunikasjon mellom utøvarar, foreldre og laget.

Trenaren har ansvar for å utarbeida treningsplanar, konkurranseplanar og individuelle utviklingssamtalar, samt bidra til koordinering og informasjonsflyt i laget.

Trenaren er underlagt **gjeldande lover og reglar** frå NIF, NFIF, RFIK og SI, og pliktar å opptre i samsvar med lagets verdiar og etiske retningslinjer.

Trenaren kan ikkje ha trenaroppdrag i andre klubbar/ lag utan godkjenning frå sportsleg leiar. Utøvarar frå andre klubbar/ lag skal heller ikkje trenast fast med gruppa utan at dette er godkjent av sportsleg leiar.

Trenaren har rett på godtgjersle i samsvar med inngått kontrakt, og skal levera nødvendig dokumentasjon og bilag i tråd med avtalen.

Trenaren representerer SI i idrettsleg samanheng og kan uttala seg til presse i sportslege spørsmål knytt til eigen gruppe, men ikkje i økonomiske eller administrative saker.

Trenaren skal ha **gyldig politiattest** før oppstart i rolla viss han/ ho har ansvar for utøvarar under 18 år og/ eller utøvarar med funksjonshemming.

---

## 6. Trenar utan kontrakt

Ein trenar utan kontrakt med Sandnes Idrettslag Friidrett, har inga formell rolle eller funksjon i laget.

Vedkomande er å rekna som **ekstern trenar for egne utøvarar**, og opptretr ikkje på vegne av SI.

Trenaren har **ikkje mynde, representasjonsrett eller beslutningsansvar** i laget sine saker, og kan ikkje oppretta egne treningstilbod i regi av SI utan godkjenning frå sportsleg leiar eller styret.

Ekstern trenar kan berre nytta SI sine anlegg saman med egne utøvarar når dette skjer **innanfor koordinerte og avtalte rammer**. Dette skal vera avtalt gjennom kontrakt som er godkjent av styret (ref kapittel 7).

Ekstern trenar som er tilknytt ei ekstern gruppe med avtale med SI, og som har ansvar for utøvarar under 18 år og/eller utøvarar med funksjonshemming, skal ha **gyldig politiattest** på lik linje som SI Friidrett sine egne trenarar med kontrakt.

Koordinering og kommunikasjon skal skje gjennom ein **utnemnd kontaktperson** i laget.

Det skal gjennomførast **faste koordineringsmøter** (til dømes kvartalsvis) for å sikra god kommunikasjon og oversikt over aktivitetar i anlegga.

---

## 7. Eksterne grupper

Sandnes IL Friidrett eig og forvaltar retten til kven som får bruka aktuelle anlegg og ressursar der treningstid har blitt tildelt laget.

Tilgang er basert på medlemskap eller formelle avtalar. Laget skal ha full styring over eiga verksemd, anlegg og økonomi, og sikra at aktivitet skjer innanfor forsvarlege rammer.

Følgande definerer særskilte krav til eksterne grupper.

### Overordna prinsipp

- Retningslinjene i Lagshandboka gjeld for alle grupper, med mindre det ligg føre ein formell kontrakt mellom partane som regulerer forholdet særskilt.
- Eksterne grupper skal ha ein skriftleg kontrakt med Sandnes Idrettslag Friidrett som regulerer samarbeidet mellom partane.
- Kontrakten kan definera praktiske og økonomiske forhold, inkludert bruk av anlegg og utstyr, akkreditering, reiser, kostnadsdeling, forsikring, mediahandtering og ansvarsforhold.
- Eventuelle betalingar for bruk av anlegg, deltaking i samlingar eller støtte frå laget skal vere nedfelt i kontrakt.
- Slike kontraktar skal godkjennast av styret før dei trer i kraft.

### Økonomiske forhold

- Sandnes IL Friidrett skal ikkje stå økonomisk ansvarleg for treningsleirar, reiser, akkreditering eller andre utgifter knytt til utøvarar eller trenarar som ikkje er medlemar eller har kontrakt med laget. Med mindre dette er regulert gjennom kontrakt mellom Sandnes Idrettslag Friidrett og aktuell gruppe.
  - Laget sine økonomiske retningslinjer i **Lagshandboka § 3 (Økonomiske retningslinjer)** gjelder fullt ut for alle avtaleforhold.
-

## 8. Tilrettelegging og treningstid

- Akkreditering til nasjonale eller internasjonale meisterskap kan berre søkjast for:
    - SI-utøvarar,
    - trenarar med gyldig kontrakt,
    - personar knytta til gruppe med gyldig kontrakt der dette er regulert,
    - personar som er del av laget sitt offisielle støtteapparat.
  - Dagleg- og sportsleg leiar har ansvar for koordinering og planlegging av all treningstid på anlegg der SI er tildelt treningstid.
  - Alle treningsgrupper – inkludert eksterne grupper – skal innan fastsett frist før kvar sesong senda inn skriftleg melding om ønskje treningstider og -stader.
  - Viss ei gruppe ønskjer å **behalda same tider som før**, skal dette stadfestast skriftleg innan fristen.
  - **Ad-hoc-treningar** (utanfor tildelte tider) skal meldast inn til og **godkjennast av sportsleg leiar i forkant av treningsøkta**. Meldinga skal innehalda tidspunkt, stad/anlegg, namn på trenar og gruppe.
  - Ukoordinert eller ikkje-godkjend trening kan reknast som brot på laget sine retningslinjer.
  - Gjentekne brot kan føre til bortfall av prioritet ved framtidige tildelingar eller andre sanksjonar i tråd med **NIF-lova kapittel 11**.
-